



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
04/2021	Valstyret	PS	13.04.2021
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-011	20/1107

STORTINGS- OG SAMETINGSVALET- FASTSETJING AV VALDAG

Vedlegg:

Stortingsvalget og sametingsvalget 2021 - fastsetting av valgdag
Foreslår nye regler for å sikre at alle får stemt ved valget til høsten - regjeringen.no

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stortings- og sametingsvalet vert halde på fastsett dag, måndag 13. september.

Valstyret - Sak 04/2021

VAL - Behandling:

Valstyret drøfta og stilte spørsmål knytt til å innføre valdag også søndag 12. september og tilrettelegging ved eit evt lokalt covid-19 smitteutbrot på valdagen.

Politisk sekretær Lin Tove Thomassen gav utfyllande informasjon.

Valstyret ønskjer ei vurdering frå kommunedirektøren til drøftingane ved neste møte i utvalet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VAL - Tilråding/Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Stortings- og sametingsvalet vert halde på fastsett dag, måndag 13. september.

Politisk behandling:

Valstyret innstiller til kommunestyret.

Saksopplysningar:

Valdagen for Stortings- og sametingsvalet er fastsett til måndag 13. september. Kommunestyret kan sjølv vedta at det på éin eller fleire stader i kommunen skal haldast val også søndagen før den offisielle valdagen, jf. vallova § 9-2 andre ledd

Som følgje av Covid 19 pandemien har Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) kome med framlegg om endringar i vallova og kommunelova. Forslaga er per i dag ikkje vedtekne. Departementet har bestemt at valet skal gjennomførast på fastsett dag, sjølv ved lokale smitteutbrot.

Eit av forslaga er at valstyret kan vedta å opprette eit ekstra vallokale på valdagen for å auke kapasiteten ved lokalt smitteutbrot. Ein kan også opne for å ta imot stemme heime hos veljar helga før valet.

Vurderingar og konklusjon

Eit tiltak for å redusere kødanning ved eit vallokale måndag, kan vere å halde vallokalet i t.d. Dale krets ope også på søndagen. Samtidig har ikkje Vaksdal kommune tradisjon for å halde ope om søndagen. KMD sine forslag til tiltak ved lokale smitteutbrot vil i større grad kunna tilrettelegge for veljar enn ved å opne for valting også på søndag. Det vil også binde opp fleire valmedarbeidarar då vi kan ha behov for å nytte desse til anna arbeid, t.d. ambulerande røystring.

Kommunedirektøren tilrår derfor at ein held på måndag 13. september som valdagen i Vaksdal kommune.